

# **Referat frå møte i Arbeidsutvalet for foreldre ved Hafslo barne- og ungdomsskule 22.10.15**

## **Til stades:**

Carolin Ruud (1. kl)  
Sigfrid Ahlin (4. kl)  
Wenche Sollid (5A)  
Ruth Karin Kvam (5B)  
Nina H Sørensen (6. kl)  
Hans Martin Brusegard (7B)  
Lisbeth Skjerven (8. kl)  
Gunnar Eikemo (9. kl)  
Lise Vik-Haugen (10. kl)  
rektor Kjell Ertesvåg

## **Forfall:**

Elin Hilleren (2. kl), Aslaug Øydvin (3. kl), Jan Ølnes (7A)

## **Sakliste:**

**01-15/16:      Velkommen til møte. Presentasjon. Gjennomgang av sakliste**

**02-15/16:      Konstituering.**

**Valperiode:** Det går ikkje klart fram av gjeldande handbok for foreldrerepresentantar om val til dei ulike verva i FaU gjeld for eitt eller for to år. FaU avgjorde at valperioden skal vere eitt år. Dette må endrast i handboka.

**Val av leiar:** Wenche Sollid (2015/2016)

**Nestleiar:** Carolin Ruud (2015/2016)

**Sekretær :** Lise Vik-Haugen (2015/2016)

I tråd med handboka skal det ikkje vere vararepresentantar i FaU. Resten av representantane er dermed FaU-medlemmar.

**Val av tre FAU-representantar** (med personlege vararepresentantar) til Samarbeidsutvalet (SU) og til Skulemiljøutvalet (SMU) (det har vore vanleg at SU og SMU har dei same medlemane):

## **Valde:**

**Wenche Sollid**, Vara: Carolin Ruud

**Nina Hauge Sørensen**, Vara: Gunnar Eikemo

**Lisbeth Skjerven**, Vara: Hans Martin Brusegard

**Møteplan:** Tysdagar kl. 19.00-20.30, flg. datoar: 24.11.15, 09.02.16, 26.04.15.

**03-15/16: Skulestarten og skuleåret 2015/16.****Runde rundt bordet:**

Stort sett gode tilbakemeldingar frå oppstarten i dei ulike klassane. 1.-klassingane trivst godt. Det var noko uro på bussen i starten, men det har ordna seg no. Fint at ein assistent frå barnehagen var med 1.-klassen dei første vekene. Dei fleste kontaktlærarane er flinke å leggje ut vekeplan på nett.

Klage frå ungdomsskulerepresentant om at verken elevar eller foreldre fekk informasjon om hospitering og val av utdanningsprogram i vidaregåande skule. Rektor beklaga at det ikkje vart gjennomført felles foreldremøte slik det var tenkt, og at han hadde lova møte med Sogndal vidaregåande skule før han visste at Sogndal vgs ikkje lenger reiser rundt på foreldremøte og informerer. Derfor vart det lite informasjon i år. Rektor lovar betring.

Nytilsette: Laila Heggestad er ute i permisjon. Miriam Tverberg byrja i denne stillinga etter haustferien. Lillian Henjum er inne for å dekke opp for lærarar som tek vidareutdanning.

Inspeksjon: Utfordring å ha nok vakter til å dekkje heile området. Treng vakter inne på bana, der skjer fleire kampar samstundes + turning m.v. Oppmoding til foreldra om å høyre med ungane korleis dei opplever å vere på bana i friminutta.

Har att 120.000 av bankpengane (brukte 80.000 på kanoar). Prioriterer friluftsliv - ønskjer gapahuk i Trollskogen, samt å ordne til ein liten uteplass nede ved Tang/vatnet.

**04-15/16: «Lekse» som SFO-aktivitet, kva er status?**

Rektor: Det har dessverre vist seg at dette er vanskeleg å få dette til. Ingen andre skular i kommunen har heller denne ordninga. Dessverre blir det altså inga ordning med lekser som SFO-aktivitet.

Dette resulterte i spørsmål tilbake – kan verkeleg ikkje elevane få høve til å gjere leksene på SFO? Og kvifor har det ikkje vore nokon dialog ift å ta avgjerd om at ein ikkje skal ha dette tilbodet?

Etter ein del debatt og ulike synspunkt vart det semje om at dei foreldre som ønskjer at borna skal få unna noko lekser i SFO, tek kontakt med rektor for å diskutere om ein kan finne ei løysing.

Korleis ordninga med leksehjelpa for 4.-7. fungerer, vert informasjonssak i eit anna møte.

**05-15/16: Symjeopplæring / bading for 1. og 2. klasse – antal timer**

Rektor orienterte: 1.-klasse har to badingar på vårparten, 2.-klasse har like mykje bading som dei andre trinna, dvs. 6 ggr før og 6 ggr etter jul.

Innspel om at slik informasjon gjerne kan stå på heimesida.

#### **06-15/16: Sykling på skulevegen**

Presisering om at det no er foreldra som avgjer når eleven er moden nok til å sykla til skulen. Skulen legg ingen føringar her.

#### **07-15/16: Ymse. Saker som kjem inn etter innkallinga, vert sett opp her.**

**Elevundersøking:** Vert gjennomført denne veka.

**Foreldreundersøking:** Skal gjennomførast kvart 3. år i Luster. Kjem dette skuleåret. Leiar minna om at ein fin måte å få opp svarprosenten på, kan vere å gjennomføre undersøkinga på eit foreldremøte.

**Referat frå oppstartsmøtet for alle klassekontaktar og FaU-representantar:** Rektor skriv ut referatet og sender ut snarast.

#### **Hafslo fiskefestival – arrangementsansvar:**

Det har ved fleire høve vore arbeidd for å flytte gjennomføringa av Hafslo fiskefestival frå 10.-klasse til 9.-klasse, sidan klassen då får høve til å budsjettere inntekta av festivalen inn mot ein større skuletur i 10.-klasse. Det er på tide å gjere eit endeleg vedtak.

**Samrøystes vedtak:** Gunnar Eikemo avklarar med 9.-klasse om det er OK at dei står over som arrangør av fiskefestivelen. På bakgrunn av tilbakemelding frå 9.-kl. vert endeleg vedtak gjort i neste FaU-møte.

#### **17. mai - arrangementsansvar:**

På Hafslo har det i mange år vore slik at 10.-kl. er 17. mai-komit  , medan 8.-klasse har den biten som genererer inntekter, nemleg kaf  salet. Mange har spurt om det ikkje hadde vore meir rasjonelt om berre ein 1 klasse hadde heile ansvaret, og at ansvaret då burde ligge til 8.-klasse. Saka har vore fremja i FaU fleire gonger, men det har vore vanskeleg å få ein god avgjerdss prosess på saka.

Dei to FaU-representantane som hadde born i 8.-klasse, kom straks på bana og tilbydde seg å ta heile ansvaret våren 2016.

**Samrøystes vedtak:** Lise sjekkar ut med 10.-klasse i løpet av 29. oktober om nokon skulle ha innvendingar. Endeleg formelt vedtak vert gjort i neste møte.

### **Gåver til tilsette:**

Dette har også vore ei sak som FaU har brukt mykje tid på å diskutere, men der det har vore vanskeleg å fatte endelige vedtak. Mange klassekontaktar brukar mykje tid kvart år på å bestemme kven som evt. skal få noko og kva som evt. skal kjøpast.

### **Samrøystes vedtak:**

Kvar jul kjøper 1.-klasse, 3.-klasse, 5.-klasse, 7.-klasse og 9.klasse kvar si gave for inntil ca.kr. 300. Gåva skal vere til heile personalgruppa på skulen (t.d. konfekt, blomst, frukt...).

Ved avslutning i 10.-klasse: Ei eventuell gave frå klassekontoen skal vere til skulen og ikkje til dei einskilde kontaktlærarane. Elevane har i tillegg høve til å gjere noko sjølv dersom dei ønskjer det.

### **Kommunal plan for trafikktrygging:**

Leiar fekk informasjon om planen den 15. oktober, men klarte likevel å kome med ei høyningsutsegn innan fristen ( 16. oktober) med desse innspela:

- Gangfelt over Tangvegen mellom Eikum hotell og banken
- Opphøga gangfelt i Krekingavegen/Vegaskjelet
- Bygging av gang- og sykkelveg frå Hafslø sentrum og ut til Moane

Skulen v/Rektor har sendt høyningsuttale om dei same sakene samt om markering ved busstoppen på Hestnes.

### **Felles reglar for kva elevar kan ha med seg på avslutningar?**

Vedtak: Rektor snakkar med teama, det bør praktiserast likt innanfor 1.-4.-klasse, 5.-7.-klasse og 8.-10.-klasse Endeleg vedtak neste gong.

### **Skuleskyss: Dei som ikkje fekk innvilga – korleis er stoda i den saka?**

Her er det snakk om einskildvetak – dei det gjeld som evt har klaga, har fått beskjed. Det skal imidlertid arbeidast fram eit kommunalt skyssreglement. Regelen no er: Har ein farleg skuleveg, har ein rett på skyss, + om ein bur lenger enn 4 km unna.

### **Mobilfrie dagar på ungdomsskulen:**

Rektor ønskjer at me lagar ei eiga sak på det. Skulen har blanda erfaringar frå i fjar. Elevrådet, SU, lærarane må få uttale seg om saka. Viktig at alle er lojale mot evt. vedtak. Kan dette vere tema for foreldremøte på ungdomsskulen?

**08-15/16: Møtet vart avslutta med informasjon og synfaring på status vedrørande bygginga.**

22.10.15

Lise Vik-Haugen